

Lausanne-rørsla sin misjonskonsultasjon i Pattaya, Thailand 1980.

AV LUDVIG MUNTHE

Sidan den norske Lausanne-komiteen fekk ansvaret for å peika ut «international coordinator» for førebudingsarbeidet med «Reaching Secularits», eit av hovedtema på misjonskonsultasjonen i Thailand, fekk norsk misjon eit sjeldsynt høve til å påverka ein stor internasjonal misjonskonferanse.

Sjølvsagt var ein medveten om at ulike syn borne fram av dei om lag 50 mindre og større arbeidsgruppene verda over fekk i stand etter kvart, måtte få koma til orde.

Men førebudingsmaterialet frå sentralt hald i USA var minimalt og peika i ulik leid. Det rådde uvisse i fleire land korleis arbeidet skulle gripast an. Det viste seg såleis at Pasadena-skulen i USA si interesse for sosiologi hadde påverka valet av tema for møtet: «How shall they hear?» med strek under «How», *korleis*.

Men sidan Lausanne-rørsla framleis mest av alt er oppteken av *kva* kyrkja i sin misjon skal bera fram, er det ikkje nok å arbeida med evangeliseringa sin metode og strategi. I ei forvirra tid då jamvel kyrkjer og teologi kan verta «sekulariserte» og då misjonsoppdraget til dels vert omtolka, må ein også arbeida med brennande spørsmål m.a. innen sosialetikken ut frå kyrkja sitt bibelske oppdrag i verda.

— — —
Då det norske hovedsynet på arbeidet hadde fått Lausanne-leidinga si fulle støtte, kom gruppene i gang med arbeidet sitt verda over.

Underskrevne fekk mest hjelp av tre norske grupper. Ei gruppe av misjonsleidarar i Oslo-område tok serleg for seg prinsippa og hovedlinjene i arbeidet. Ei gruppe på Vestlandet under leiding av Hallvard Hagelia, pastor i Det norske Misjonsforbund, og ei gruppe på Austlandet under leiding av forskningsstipendiat Tormod En-

gelsviken og distriktsprest Bent Reidar Eriksen var mest aktive i utforminga av sjølve førebudingsdokumentet, der også synsmåtar frå grupper elles i verda etter kvart vart tekne inn.

Me held førebudingsmaterialet til *Reaching Secularists* med sine 22 tettskrevne sider for sjølve Pattaya-*dokumentet* om dette emnet. Den omlag like store møterapporten som vart utarbeidd og som nå er under utsending, er eit interessant diskusjonsreferat som har late seg påverka av førebudingsdokumentet. Men denne rapporten ber, som rimeleg er, preg av freistnaden på å få med mest råd av syn som einskildpersonar som var til stades på møtet bar fram.

Det kan verta høve til seinare å koma attende til sjølve dokumentet «*Reaching Secularists*» som låg fore i Thailand. Me vil i det fylgjande presentera *The Thailand Statement* som vart sendt ut etter dette Lausanne-møtet. Vidare vil me ved to innlegg sjå litt nærare på visse sider ved møtet og ved Lausanne-rørsla og vurderer resultatet av arbeidet på møtet om korleis ein kan nå det sekulariserte mennesket av idag.